

Straumsøy Gard Birte Nydal
Kvalvågnesvegen 700
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2445 - 21/17887

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
16.03.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 84/3 Kvalvågneset

Administrativt vedtak: Saknr: 427/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 25.04.2026 for Gbnr 84/3, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresefnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld :

Føretaket Birte Nydal har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 84/3. Drifta er 15 vinterfora sauer og 6 geiter som går 52 uker ute i utmak og 6 geiter som veksler fritt på innmak og utmark. Føretaket eig 1,8 daa overflatedyrka mark ,17,2 daa innmarksbeite. Driftsformen er utgangardrift. Ho har opplyst at noko tørrgjødsel samlar seg under spaltegolvet og dette vert spreidd for hand på dyrka mark i juni-juli. Føretaket kjøper inn 90 kg fullgjødsel 12-4-18 per år.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på dyrka mark					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
90	12-4-18	19	Innmarksbeite og overflatedyrka	4,7	0,6	0,2	0,8

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum . GDE vinterfora sau/ geit (3,9)minus frådag for beitetid blir GDE = 0.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/2445»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Straumsøy Gard Birte Nydal

Kvalvågnesvegen 700

5956

HUNDEVIN